



# DEN NORSKE KYRKJA Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 14.03.2021

Innkalling til møte i Kyrkjebø Sokneråd.

Du vert med dette innkalla til møte i Kyrkjebø sokneråd i Kyrkjebø kyrkje:  
torsdag 18.03.21 kl. 19.00. Meld evt. forfall til Sturla Bell Fossen på mobil: 99 49 47 45.

Innkalla:

Irene Aase Aarseth, Kari, Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Anna Sofia Høvik,  
Ellinor Henjesand Austreim, Andreas Ester, Sturla Bell Fossen.

Kopi av innkallinga går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar,  
Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjenning av referat frå møtet 18.02.21.

Sidan sist, postlista og årshjulet.

Soknepresten har ordet.

Meldingssaker:

210007: Kyrkjebø kyrkjelydshus.  
Styreleiar i Stiftinga orienterer om status pr. no.

210008: Vadheim gravplass — trong for vedlikehald.  
Orientering om innspel frå bygdefolket, og den vidare handtering av saka.

210009: Ny gudstenesteordning.  
Orientering om nemnda sitt arbeid så langt, og planen framover.

Vedtaksaker:

Sak 0005/21: Gudstenesteplan til og med juli -21.  
Gudstenesteplanen er lagt, og vert kunngjort i Helgestunder.

Framlegg til vedtak:

Gudstenesteplanen vert vedteken slik den er framlagt frå soknepresten og kyrkjekontoret.

Sak 0006/21: Soknemøte/årsmøte der liturgi-vedtak vert fatta.

I samsvar med tidlegare førespegla plan for innføring av ny liturgi før pinse, og med bakgrunn i meldingssak 210009 ovanfor, må soknerådet fastsetje ein dato for å gjere vedtak om ny liturgi.

Framlegg til vedtak:

Soknemøte/årsmøte i kyrkjelyden vert å halda etter gudstenesta på Kyrkjebø 02. mai kl 1 1.00.  
Innføring av ny liturgi vert ei sak å leggje fram for kyrkjelyden på dette møtet.

Sak 0007/21: Kyrkjevert-ordninga.

Korleis tenkjer soknerådet seg framhald av denne ordninga ?

Framlegg til vedtak:

Sak 0008/21: Kyrkjelydsbladet "Helgestunder"

Kyrkjeverja har til no vore både redaktør og den som har måtte skrive eller skaffa til rette stoff til bladet. Dette er ein tidkrevande jobb, og ligg litt utanfor ansvarsområdet for den stillinga. Helgestunder er sokna sitt organ, og søkeråda vert no oppmoda om å ta eit større, direkte ansvar.

Framlegg til vedtak:

Sokneråda i kommunen vert oppmoda om å velje kvar sin representant til ei redaksjonsnemnd. Nemnda sitt mandat vil vere å finne ei eigna arbeidsform for utgjeving av Helgestunder framover. Kyrkjebø sokneråd sin representant i nemnda er:

Sak 0009/21: Dugnad på kyrkjegardane.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet inviterer til dugnad på gravplassane på Kyrkjebø og i Vadheim  
-dag den . april kl , alternativt -dag den . april til same tid.

Sak 0010/21: Ymse

Vel møtt !

Sturla Bell Fossen  
Soknerådsleiar